



## // REFERAT

// Møtedato: 06.02.19

// Tilstede: Vibeke Kårstad, Mette Aske, Anne T. Sirevåg, Nina Galta, Helge Kvamme, Oddrun Strand Rangnes, Pål Berger, Mildrid Espeland og Merethe Prytz Haftorsen.

// Forfall:, Marianne O. Klengsen, Gyongyi Soyer, Monica Solberg Hansen,

// Referent: Anne Sirevåg

// Kopi til: Egil Tengs, Anneline Teigen, Janne Sigbjørnsen Eie, John Lende, Gerda Baustad Sirnes og Birgit M. Hårvik.

Deres ref:

Vår ref: 19/528

Vår dato: 06.02.2019

### Referat frå møtet 06.12.19

1. *Info frå organisasjonane – kva skjer? v/alle. (Informasjonssak) – 15 min*

FFO: Skal ha opplæring for brukarmedverknader 2-3. mars for gamle og nye medverkarar. Det skal òg vera fylkesutval i LHF 2-3. mars. Dei opplever stadig eit problem med å få tak i skrivetolk. Dette kan for mange gje problem med å kunne delta på jobb og skule. Ein arbeidar mot stortinget for å endre dette. I Rogaland og Agder er det 12 tolkar til samar. Fontenehuset ung: har laga ein promoteringsvideo. Denne vil verta vist på neste møte i brukarutvalet. Er framleis aktive i rekruttering. Clubhouse international ha invitert alle Fontenehus til samling i Gøteborg.

---

#### NAV ROGALAND // ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN

Postadresse: Postboks 420 // 4002 STAVANGER

Besøksadresse: St.Svithunsgate 5 // 4002 Stavanger  
Tel: 55 55 33 33 // Faks:

www.nav.no // nav.rogaland@nav.no

Fontenehuset: Håper å få stipend til sosialt entreprenørskap. Har suksess med Salongen på Sølvberget. Skal til New York på traineeopphald.

A-Larm: det vert arbeidt med ruspolitisk handlingsplan. NAV er med i styringsgruppa for Recovery Collage. Det vert tilsett fleire med eigenerfaring. Dei arbeider med å etablere medverknadskurs.

Pensjonistforbundet: Det vert stadig fleire eldre og friske. Eit utfordring er at alle skal bu heime så lenge som mogleg. Mange vert einsame. Forbundet arrangerer kurs i velferdsteknologi, livsmestring og offentlege tenester. Fokus på at ein skal ha det godt.

SAFO: fokus på kommunevalet til hausten. Ein må planleggje og organisere seg allereie nå. Tips til alle er å ha ein agenda for kva ein vil diskutere med politikarane. Viktig med einsretta fokus i organisasjonane.

2. *Orientering om arbeidsmarknaden, v/ Merethe Prytz Haftorsen (informasjonssak)*  
– 15 min

Arbeidsløysa går raskt ned. I Rogaland er det 4,6 % arbeidslause nå. Ein kan sjå at oljenedturen påverka arbeidsmarknaden i Rogaland mykje meir enn i resten av landet. Dette viser at Rogaland har eit veldig einsformig næringsliv som gjer oss sårbare for svingingar i bransjen. Når arbeidsløysa går rask ned, ser ein at omstillingsviljen går ned.

Vi forventar at arbeidsløysa vil gå ned framover. Mangelen på arbeidskraft vil forsterka seg framover. Det er forventa ein reduksjon i investeringane i petroleumsbransjen 2020/2022. Dette kan påverke arbeidsmarknaden.

Mange er villige til å ta inn personar med hol i CV-en og nedsett funksjonsevne. Ein tek inkluderingsdugnaden på alvor.

3. *Arbeid med flyktingar i NAV, v/Margrethe Stensland (diskusjonssak) – 15 min*

Me har ikkje representantar frå denne gruppa i brukarutvalet. Vi har difor ikkje så mange saker om dette temaet i brukarutvalet. Presentasjon vert sendt ut saman med referatet.

4. *Høgdepunkter får mål- og disponeringsbrevet, v/Merethe Prytz Haftorsen (informasjonssak) – 10*

Høgdepunkt frå mål- og disponeringsbrevet vert sendt ut saman med referatet.

Når det gjeld gode brukarmøter, informerer Fontenehuset at mange opplever at rettleier meiner at ein kan vere i jobb dersom ein kan vere frivillig på Fontenehuset. Det er ikkje automatikk i dette og fleksibiliteten ein har som frivillig er ofte ikkje mogleg å få til i ein jobb. Universell utforming på NAV-kontora er òg viktig for å gje gode brukarmøter.

Prioriteringane tas opp igjen på eit møte seinare.

5. *Aksjonsliste, v/Mette Aske – 10 min*

Utgjekk

6. *Likemannsarbeid i NAV?, v/Pål Berger (diskusjonssak) – 15 min*

Mange kommunar tilset nå erfaringskonsulentar. Er dette noko NAV burde vurdert? Det kan vere med å gje arbeidshåp til brukarane å møte nokon med same erfaring som tilsett i eit NAV-kontor. Dette er ein viktig del av Recovery College.

I NAV har vi ikkje eigne stillingar som erfaringskonsulentar. Vi har likevel tilsette som har vore arbeidslause, sjukemeldte eller delvis uføre og dermed har brukarerfaring. Ved tilsetting spør ein ikkje søkjarar om diagnose. Ved bruk av erfaringskonsulentar, må ein sjå på korleis desse kan nyttiggjerast til beste for brukarane. Kanskje er det ei god løysing å ha godt samarbeid med kommunane sin erfaringskonsulent.

Pål sjekkar opp om dette er gjort i andre stader i NAV eller andre land til neste møte.

7. *Brukarutval på tvers av styringslinjer, v/Anne Torunn Sirevåg (diskusjonssak) – 15 min*

Ifølge mål- og disponeringsbrevet skal alle styringlinene v/leiar vera representert i brukarutvala til fylkeskontora. Merethe og Anne har hatt eit møte med leiarane av NAV Hjelpemidler og tilrettelegging, NAV Kontroll, Arbeid og Ytelser, Familie og pensjon og Kontaktsenteret i Rogaland. Vi vart einige om at leiar av Kontaktsenteret møter fast i brukarutvalet vårt, medan dei andre rullerer på å vera med. Dei vil då informere om si eiga verksemd. Alle vil få tilsendte referat etter møta.

*Ny informasjon etter møtet:*

*Etter møtet har vi fått informasjon om at dei andre einingane har blitt einege om å fordele seg på dei ulike fylka på den måten som visar i tabellen nedanfor.*

	<b>Fast medlem</b>	<b>Varamedlem</b>
<b>Troms/Finnmark</b>	FP	KA
<b>Nordland</b>	AY	KA
<b>Trøndelag</b>	FP	AY
<b>Møre og Romsdal</b>	AY	FP
<b>Vestland</b>	FP	KA
<b>Rogaland</b>	AY	Kontroll
<b>Agder</b>	KA	AY
<b>Vestfold/Telemark</b>	AY	FP
<b>Vest Viken</b>	FP	Kontroll
<b>Innlandet</b>	Kontroll	AY
<b>Oslo</b>	FP	AY
<b>Øst Viken</b>	AY	Kontroll

*Difor vil leiar av NAV Arbeid og Ytelser Karmøy møta som fast medlem og leiar av NAV Kontroll Vest møte som vara.*

## 8. Eventuelt

Sakshandsaming i NAV. Mange opplever at ein får fleire. Det kan vera vanskeleg å kome i kontakt med rettleiaren. Dette vert ei sak på neste møte.

Vi vil ha ein oversikt over kompetanse i brukarutvalget.